



bein, saman med Cambridge og Wien, under den store filosofen sitt

# varandre

midlar Luster



**HUSET PÅ BOLSTAD:** Det var ei eksotisk erfaring for gjestene frå Wien å oppleve huset Ludwig Wittgenstein bygde på berghylla over Eidsvatnet, huset skal no flyttast til staden der filosofen reiste det, i det ytre er det lite som minner om laftebygget frå 1914, det er kjerne som no skal reetablerast.



**PERFEKT HARMONI:** Ludwig Wittgenstein fann det han leitte etter i Skjolden, ro og stille medan han tenkte ut *Tractatus*, frå venstre Harald Vatne, Jon Erik Strømø, Werner Rosenberger, Der Kurier, Erling Bjørnetun, Klaus Taschwer (*Der Standard*) og Clemens Panagl (*Salzburger Nachrichten*).

## Wittgenstein og Luster blir større og større

**SKJOLDEN:** – Det er aukande interesse for Wittgenstein sitt samband til Noreg, seier Erling Bjørnetun, kultursjef i Luster.

Saman med Harald Vatne, som lokalt er ein viktig forvaltar av wittgensteinarven, jobbar han for å formidla og synleggjera arenaen Wittgenstein jobba og budde på.

### Ser stort potensial

Erling Bjørnetun oppfattar Wittgenstein Initiative i Wien si interesse for Skjolden som lovande.

– Denne kvinna ser eit potensial i å utvikla det historiske rundt personen Wittgenstein, seier kultursjefen, og legg merke til at Radmila Schweitzer heller ikkje overser den vinsten som kan hentast parallelt for filosofien som fag.

### Har basis i *Tractatus*

– Det er interessant for oss at me blir kopla på eit miljø som dette, seier han, og er imponert over kor bra Radmila Schweitzer har rokke å etablere Wittgenstein Initiative på så kort tid.

Erling Bjørnetun konstaterer at mange sider ved vår



**LA TIL MED BÅTEN:** Her har Ludwig Wittgenstein venteleg lagt til med robåten han brukte for å koma til og frå over Eidsvatnet, no er det rydda i dette området, slik at ein lettare ser korleis staden har vore brukt.

moderne kommunikasjon har basis i *Tractatus*, som er Wittgenstein sitt hovudverk.

### Overføringsverdien

Her ligg då også sporet dei tre gjestande journalistane frå Wien og Salzburg luktar på.

– Mykje av det ein finn hjå Wittgenstein har stor overføringsverdi til vår tid, seier han, og gler seg over det meningsfulle og nesten endelause i den koplinga som no er på gang.

– Stadig fleire ser på sambandet til Noreg som spennande, seier han, og er glad for at tilkomsten frå hovudvegen

Skjolden-Fortun til Wittgenstein si berghylla no er i ferd med å ta form.

### Lettare tilgjengeleg

I løpet av sommaren skal ei gåbru over elva fullførast. Denne bitt i hop den tretti år gamle tavla kloss i vatnet med motsett side og stigen bort under filosofen si tuft.

Med stor innsats frå sherpaer er partiet opp til Wittgenstein sitt hus, eller rettare sagt mur, renovert og gjort betre tilgjengeleg.

– Det står litt att heilt oppe og i ura langs vatnet, seier Erling Bjørnetun.

### Hårek

